
Fra: olaveth . <olaveth@gmail.com>
Sendt: mandag 24. april 2017 15.31
Til: Postmottak Meland; olaveth
Emne: Søknad om løyve til bygging av avkøyrsla og veg på gbnr. 30/1
Vedlegg: kart.jpg

Kategorier: Grønn kategori

Søknad om bygging av avkøyrsla og veg på gbnr. 30/1

Eg søkjer med dette om løyve til å få bygd ny avkøyrsla og veg på gardsbruksnummer 30/1 (Håtuftvegen 212, 5918 Frekhaug).

Grunnlaget for søknaden er at det per i dag er ei regelrett livsfarleg avkøyrsla frå hovudveg til våningshus, der bilar må svinga rett rundt hushjørnet for å koma seg inn og rygga seg rett ut i hovudvegen for å koma seg inn att. Bilar som kjem frå sør hev i realiteten ikkje sikt i det heile når ein bil ryggar forbi hushjørnet og ut i veggen.

Seinast natt til laurdag 23. april vart ein katt drepen framfor parkeringsplassen min av di han var hamna ute i veggen då ein bil frå sør hadde runda svingen og kom susande rett forbi hushjørnet mitt. Denne gongen var det "berre ein katt" - meneg hev eit barn på 3 år buande heime hjå meg og torer ikkje tenkja på kva som kann skje dersom ho skulde springa rundt hjørnet og ut i veggen.

Når ein kjem køyrande sunnanfrå, so må ein fyrst runda ein sving og deretter er det mindre enn 10 meter att fyre ein passerar hushjørnet og den eksisterande avkøyrsla. Um ein bil kjem køyrande her i 50 kilometer i timen (fartsgrensa), so rekk han ikkje å stogga dersom ein bil ryggar ut frå parkeringsplassen eller eit barn spring ut i veggen.

Ogso for bilar som kjem nordanfrå er det umogleg å sjå um det kann vera eit barn bakom den parkerte bilen attmed huset mitt.

Den eksisterande avkøyrsla på nordsida av våningshuset ynskjer eg difor å sperra av, både for menneske og bilar. I staden for eksisterande avkøyrsla på nordsida av våningshuset, so ynskjer eg å byggja ny innkøyrsla på sørsida. Her kann ein få 80 meter fri sikt mot sør og 25

meter fri sikt mot nord. Eg vil dessutan ha ein snuplass inne på eigen veg som er stor nok til at ein slepp å rygga ut att i hovudvegen.

Dette tiltaket kjem til å gjera ferdsel for både bilar og menneske mykje meir trafikksikkert enn det er no.

Eg syner til tidlegare epostveksling med kommunen der kommunen sin skog- og miljøkonsulent slo fast at det ikkje var naudsynt å søkja om omdisponering av jordbruksareal og at vegen ikkje var søknadspliktig etter plan- og bygningslovi. Samstundes var etablering av veg og avkøyrsla framleis søknadspliktig etter veglova sin paragraf 40.

Eg legg ved situasjonskart og teikning av den nye avkøyrsla.

Venleg helsing

Olav Torheim